

HARAM KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKLALLING
22.11.2012

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**fredag 30.11.2012 kl. 14.15
på Haram rådhus**

SAKLISTE:

- Sak 15/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 25.04.2012
- ” 16/12 - Praktisering av offentleglova, journalføring, svarfristar i forvaltningslova m.m.
- ” 17/12 - Budsjett 2013 - Haram kontrollutval
- ” 18/12 - Oppfølging av diverse kontrollutvalsaker

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Eivind Davik
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
HARAM KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 25.04. 2012, kl. 15.00

Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av Eivind Davik

Elles til stades: Sigrid Eidsvik og Arne Otto Rogne = **3 voterande**

Torleiv Rogne hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar: Kjetil Bjørnsen

Frå Haram kommune møtte:

Rådmann Turid Hanken

Det kom ikkje fram merknader til saklista, men det vart gitt uttrykk for kort tid til å sette seg inn i årsmeldinga og rekneskapane.

SAK 10/12

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 22. FEBRUAR 2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 22. februar 2012 blir godkjent.

SAK 11/12

ÅRSMELDING 2011 – HARAM KOMMUNE

Innstilling datert 24.04.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Haram kommune til orientering.

SAK 12/12
KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – HARAM KOMMUNE

Innstilling datert 24.04.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Haram kommune sin rekneskap for 2011 blir godkjent.

SAK 13/12
REKNESKAP 2011 – INGEBRIGT DAVIK - HUSET KF

Innstilling datert 24.04.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Rekneskap 2011 for Ingebrikt Davik-huset KF blir godkjent.

SAK 14/12
VEDKOMANDE SAK 08/12, TALET PÅ IKKJE UTLEIGDE KOMMUNALE HUSVERE I HARAM KOMMUNE (saka kom opp under eventuelt)

Rådmannen orienterte om at alle kommunale husvære er leigd ut.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Eivind Davik
leiar
(sign.)

Sigrid Eidsvik
medlem
(sign.)

Arne Otto Rogne
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Haram kommune

Dato: 22.11.2012

**SAK 16/12
PRAKTISERING AV OFFENTLEGLOVA, JOURNALFØRING, SVARFRISTAR I
FORVALTNINGSLOVA M.M.**

Som vedlegg følgjer:

- Rapport av 22. oktober 2012 om praktiseringa av offentleglova, journalføring, svarfristar i forvaltningslova m.m.

Advokat Kjetil Kvammen har på vegne av sekretariatet utført ein avgrensa gjennomgang av ulike kontrolltema. Oppdraget er forankra i kontrollutvalet sitt vedtak datert 06.07.2010 sak nr. 12/10. I rapporten er det gjort greie for aktuell lovheimel for kontrollen.

Rapporten konkluderer med nokre anbefalingar til tiltak. Anbefalingane bygg på ein avgrensa kontroll.

Når det gjeld tilhøvet til Offentleglova er det gjennomført stikkprøver med gjennomgang av ei rekkje dokument fordelt over ca 4 månader. Gjennomgangen skulle gi eit tilstrekkeleg breitt grunnlag for vurderingar og dermed eit representativt utrykk for kommunen sin praksis. Omfanget av avvik frå lova, slik rapportskrivaren vurderer kommunen sin praksis opp mot lova sine krav, finst i nokon grad, men er ikkje særleg omfattande.

I kommunen sin svarmerknad av 05.11. d.å. er det stilt nokre spørsmål, m.a. kva rapportskrivar meiner med at kommunen ikkje viser til lovheimel for unntak frå offentleg innsyn. I følgje rapportskrivar vert det her sikta til sjølve postjournalen. Denne kan etter rapportskrivar si meining med fordel innehalde vising til aktuell lovheimel for eit unntak frå offentleggjering/insnys. Når den ikkje gjer det, tyder ikkje dette på at kommunen ikkje er seg bevisst dei materielle reglane i lova. Men for ålmenta sin bruk av rapporten kunne det vere ein fordel at det var synt til aktuell paragraf.

Den andre merknaden som kommunen har gjeld oversikt over krav om innsyn. Kommunen gjer her greie for at innsynskrav i dokument som er unntatt frå offentlegheit blir journalført i saksbehandlingssystemet, slik at ettersporing der kan gjerast. Oversikt over andre innsynskrav er neppe noko krav etter lova. Også denne merknaden skulle med dette vere avklara.

Når det gjeld tilhøve til førebelse svar og spørsmål om rettidig føring av kommunen sin postjournal så går det fram av rapporten at kommunen sine rutinar og praksis i all hovudsak er

tilfredstillande og ligg innanfor krava i lov og forskrift. Det standardiserte NOARK-systemet vil her vere til god hjelp.

Når det gjeld gjennomgangen av tilhøvet til svarfristar i lova har undersøkinga ikkje avdekkja særlege avvik hjå kommunen. Det er tvert imot oversiktlege og relativt små restansar hjå dei sakshandsamarane som blei kontrollerte. Utvalet finn å ville leggje til grunn at rapporten sin konklusjon også på dette punktet er dekkjande for praksisen i Haram kommune.

Påføring av dekkjande arkivkodar etter det klassifikasjonssystemet som kommunen brukar vert kalla klassering. Det er ifølgje rapporten ikkje funne nemneverdige feil omkring desse prosessane.

Rapporten har ein heller grundig gjennomgang av tilhøvet til offentleglova sine reglar. Særleg er vurdering av unntaka frå hovudregelen om offentlegheit berørt. Her står teieplikta til dei tilsette sentralt.

Rapporten oppsummerar nokre anbefalingar og behov for oppfølging og viser til at det og er rom for noko betring av rutinane. Dette gjeld særleg praksisen med føring av personalsaker i saksbehandlingssystemet.

Vidare er det funne brot på journalføringsplikta og særleg er desse avvika knytte til skulane. Kommunen forklarer i sin uttale korleis ein nærmare har som mål å løyse dette.

I eit vedlegg til rapporten er det lagt fram ei undersøking som syner praktisering av offentleglova i nokre andre kommunar. Meininga med dette vedlegget er å illustrere aktuelle spørsmål som andre kommunar har vist interesse for.

Ut frå det som er lagt fram gjennom rapporten og det som elles no ligg føre av uttale frå kommunen, legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

innstilling:

1. Kommunestyret vser til rapport av 22.10.2012 om praktiseringa av offentleglova, journalføring, svarfristar i forvaltningslova m.m. og ber administrasjonen om å vurdere å gjennomføre dei forslaga til forbetringar som rapporten inneheld, jfr. pkt. 7.
2. Rapporten blir elles teken til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Haram kommune

Dato: 22.11.2012

**SAK 17/12
BUDSJETT 2013 – HARAM KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapene sine budsjett blir vedteke av selskapene sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Haram kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggast i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Haram kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings-og reiseaktivitet blir sett til 30.000 kroner.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Haram kommune

Dato: 22.11.2012

**SAK 18/12
OPPFØLGING AV DIVERSE KONTROLLUTVALSAKER**

Som vedlegg følgjer:

- Brev til rådmannen datert 8. november 2012.
- Sak 05/12 om byggerekneskap og økonomireglement
- Sak 06/12 om brev frå velforeininga på Store Kalvøy

Det blir vist til vedlegga over. Rådmannen er invitert til å orientere nærmere om desse sakene.

Harald Rogne
dagleg leiar



SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Vår dato:
08.11.2012
Deres dato:

Vår referanse:
Deres referanse:

Haram kommune
Rådmannen
Storgt. 19

6270 Brattvåg

OPPFØLGING AV DIVERSE KONTROLLUTVALSAKER

I siste halvdel av november blir det teke sikte på eit møte i kontrollutvalet. Sakene som kjem fram nedanfor er det ønskjeleg at rådmannen gir ei orientering om. Det blir vist til saksnummer og vedtak.

VEDK. SAK 05/12 OM BYGGEREKNESKAP I ØKONOMIREGLEMENTET

Kontrollutvalet sitt samråystes vedtak:

1. *Kontrollutvalet meiner at det interne regelverket gjeldande byggerekneskap i Haram kommune skal følgjast.*
2. *Rådmannen blir invitert til eit møte for å orientere om gjeldande praksis når det gjeld handtering av byggerekneskap.*

VEDK. SAK 06/12 BREV FRÅ VELFORENINGA PÅ STORE KALVØY

Kontrollutvalet sitt samråystes vedtak:

Saka blir utsett i påvente av utgreiing frå kommuneadvokaten.

VEDK. SAK 07/12 OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK

Kontrollutvalet sitt samråystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer ein oversikt over kva som har skjedd med oppfølginga av følgjande kommunestyresaker: 024/11, 037/11 38/11 og 42/11.

VEDK. SAK 09/12 OPPFØLGING AV GARANTIAR OG REKLAMASJONAR VED NYBYGG

Kontrollutvalet sitt samråystes vedtak:

Rådmannen blir bedt om å orientere i eit seinare møte.

Postadresse Postboks 7881 Spjekavik 6022 Ålesund	Besøksadresse Lerstadvegen 545. 4 etg.	Telefon 70 17 21 58 97 60 57 83	Telefaks 70 17 21 51	Bankkonto 6543 05 24474
E-postadresse kontrollutvalg@kontrollutvalg.no	Foretaksregisteret NO 889117192			

SKS IKS

Dersom det ligg føre skriftlege rutinar, er det ein fordel om desse blir lagt fram for utvalet.

Det blir også teke sikte på eit møte i desember og dersom det er ønskjeleg å fordele desse sakene over to møte so er det greitt.

Helsing

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 13.02.2012

**SAK 06/12
BREV FRÅ VELFORENINGA PÅ STORE KALVØY**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå velforeninga på Store Kalvøy av 27. januar 2012 v/Asbjørn Schjelderup

Brevet omhandlar manglande oppfølging av formannskapssak 054/10 og gjeld overskriding av byggefristar på kommunalt byggefelt samt problem med å få desse tomtene tilbakeført til kommunen ved misleghald av byggefristar.

Det blir forøvrig vist til ovannde brev og rådmannen blir kalla inn for å gjere nærare greie for saka. Rådmannen blir vidare bedt om å legge fram ein skriftleg statusrapport i møtet med ei utgreiing om når forholda vil bli ordna opp.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 13.02.2012

**SAK 05/12
OM BYGGEREKNESKAP I ØKONOMIREGLEMENTET**

Som vedlegg følgjer:

- Kapittel 9 i økonomireglementet for Haram kommune om investeringsprosjekt.

I sak 10/11 i møte 17.11.2011 gorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer informasjon om økonomireglementet innehold reglar knytt til byggerekneskap til neste møte.

I sak 10/11 kom det opp spørsmål om økonomireglementet til Haram kommune innehold reglar knytt til byggerekneskap og kontrollutvalet ba om informasjon om dette til neste møte.

Økonomireglementet for Haram kommune vart vedteke i kommunestyresak 84/03. Kapittel 9 innehold reglement for investeringsprosjekt.

Det går fram av pkt. 9.9.9. at det skal utarbeidast sluttrapport med oversikt over totalkostnad over investeringa sin storleik, og dette skal fremjast for kommunestyret. Dette skal uansett gjerast for investeringa med kostnad over 1,5 mill. kroner. Slik sak skal vere fremja innan eit år etter at overtakingsforretning har funne stad.

Sentrale dimensjonar i rekneskapen er i følgje økonomireglementet:

Ansvar, teneste, art og prosjekt.

Ansvar er definert som den instansen som har ansvar for at resultat og budsjett går i hop. Ansvarsdimensjonen viser organiseringa av verksemda og dermed kven som har ansvaret for dei einskilde ledda i ansvarskjeda.

Teneste skal vise kvifor ein har utgiftene og inntekene og kva som blir utført og skal bli utført. Tenestestrukturen viser dei sakene som er aktuelle å utføre for å realisere dei måla som er sett.

Art er ressurs-/inntekstype (lønn, utstyr, salsinntekter m.v.)

Prosjektdimensjonen vil stort sett innehalde tidsavgrensa aktivitetar. Det er svært relevant å nytte prosjekt i samband med oppføring av bygg og anlegg og andre tiltak som krev eige rekneskap m.m. Prosjekt er årsuavhengig, dvs at fleire år til ei kvar tid kan sjåast i samanheng.

Opplysningane ovanfor blir lagt fram som orientering og det ligg ikkje føre forslag til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar